

Vedtekter for Levanger historielag vedtatt i årsmøtet 24/2-2026

Laget vart stifta 20/10-1977

§ 1 Formål

Laget har som mål å auke forståinga for samanhengen mellom fortid, nåtid og framtid, og auke forståinga for dei verdiar vi bør ta vare på for framtidige slekter, både dei materielle og immaterielle.

§ 2 Arbeidsmåte

- Laget vil arbeide for å samle og ta vare på skrifter og kulturminne som knyter seg til Levanger kommune, og legge til rette for dette slik at flest mogleg kan ha nytte og glede av det innsamla materialet.
- Å vere til hjelp for folk og institusjonar som ønskjer å arbeide med lokale spørsmål som ligg innafor arbeidsområdet for laget.
- Å vere ein møtestad for å stimulere til kjennskap og interesse for sitt eige lokalsamfunn, både fysisk og digitalt.
- Å hjelpe til med utgiing av kulturhistoriske skrifter både på papir og digitalt.
- Historielaget kan ha underavdelingar som har særskilte arbeidsområde.

§ 3 Medlemskap

- Alle som betaler årspengar til laget blir medlemmar.
- Laget står tilslutta Nord-Trøndelag Historielag og Landslaget for lokalhistorie.
- Styret kan utnemna æresmedlemmar.

§ 4 Årsmøtet.

Årsmøtet er laget sitt høgste organ, og vert halde innan utgangen av mars.

Årsmøtet skal innkallast med 4 vekers varsel.

Innkomne forslag må vera styret i hende 14 dagar før årsmøtet.

Eksraordinært årsmøte skal haldast når 1/3 av medlemmane eller styret ønsker det.

Saker som skal behandlast:

1. Godkjenne innkalling og sakliste.
2. Velja møteleiar, referent og 2 til å skriva under protokollen
3. Årsmeldinga frå styret
4. Rekneskapen
5. Fastsette årspengar
6. Innkomne forslag
7. Årsplan og budsjett
8. Val
 - Velje leiar for 1 år
 - Velje eit styre på 8 medlemmar i tillegg til leiar. Funksjonstida for styremedlemmar er 2 år, 4 står på val kvart år. Ved val av styret må ein prøve å få alle delar av kommunen representert.
 - 2 revisorar for 2 år, 1 står på val kvart år.
 - Valnemnd for 3 år, 1 står på val kvart år. Den som har vore med lengst, leier arbeidet.

§ 5. Styret

- Styret leier laget mellom årsmøta, og må velja nestleiar, sekretær og kasserar mellom styremedlemmane.
- Styret kan ha eit arbeidsutval samansett av leiar, nestleiar, sekretær og kasserar.
- Styret har møte når det er nødvendig.
- Arbeidsutvalet har i tillegg møte når det er nødvendig.
- Styret er vedtaksført når leiar eller nestleiar og 4 andre styremedlemmar er til stades.
- Styret nemnar opp representantar til årsmøte i Nord-Trøndelag historielag.

§ 6 Vedtektsendring

Endring av vedtektane kan gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Forslag til endring skal foreligge seinast 14 dagar før møtet. Vedtekstendring krev at minst 2/3 av dei som har stemmerett på møtet har stemt for vedtekstendringa.

§ 7. Oppløysing

Dersom laget vert oppløyst, skal samling og anna materiell overførast til Levanger kommune v/Biblioteket.